

KOMMISJONSVEDTAK

2007/EØS/26/09

av 15. desember 2003

om godkjenning av programma med sikte på å gje soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN), og om endring av vedlegg I og II til vedtak 2003/634/EF(*)

[meldt under nummeret K(2003) 4727]

(2003/904/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/67/EØF av 28. januar 1991 om krav til dyrehelse ved omsetning av akvakulturdyr og akvakulturprodukter⁽¹⁾, særleg artikkel 10 nr. 2 og 3, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Ved kommisjonsvedtak 2003/634/EF⁽²⁾ vart dei programma som ulike medlemsstatar har lagt fram, godkjende og førde opp i ei liste. Programma er utarbeidde for at medlemsstatane seinare kan innleie framgangsmåtane for at ei sone eller eit oppdrettsanlegg i ei sone som ikkje er godkjend, skal få status som godkjend sone eller godkjent oppdrettsanlegg med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og/eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN).
- 2) Italia har ved brev av 5. september 2002 søkt om godkjenning av det programmet som skal nyttast av oppdrettsanlegget Incubatoio ittico de valle i regionen Piemonte. På datoen då søknaden vert send inn, hadde oppdrettsanlegget vore under overvaking sidan januar 2000. Det hadde likevel vore teke inn fisk frå oppdrettsanlegg som på innføringstidspunktet ikkje var godkjende i samsvar med artikkel 5 eller 6 i direktiv 91/67/EØF.
- 3) Søknaden er funnen å vere i samsvar med artikkel 10 i direktiv 91/67/EØF og bør difor godkjennast, og vedlegg II i vedtak 2003/634/EF bør endrast tilsvarande. Då det er teke inn fisk frå område som ikkje er godkjende, bør programmet gjelde i fire år rekna frå godkjenningdatoen.
- 4) Finland har ved brev av 20. oktober 2003 bede om at det programmet som er ført opp i nr. 6.2 i vedlegg I til vedtak 2003/634/EF, vert endra. På grunn av eit utbrot av VHS hjå regnbogeare på vestkysten av Finland har styresmaktene avgjort at det i dette nye området skal

nyttast utryddingstiltak som svarar til dei tiltaka som vert nytta i dei andre områda som er førde opp i nr. 6.2 i vedlegg I til vedtak 2003/634/EF. Endringa i programmet bør difor godkjennast.

- 5) Nokre av dei programma som er godkjende ved vedtak 2003/634/EF, og som gjeld Frankrike og Tyskland, er vortne avslutta. Områda har fått status som godkjende, og er førde opp i vedlegg I til kommisjonsvedtak 2002/308/EF⁽³⁾. Desse områda bør difor strykast frå vedlegg I til vedtak 2003/634/EF.
- 6) Direktiv 2003/634/EF bør difor endrast.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

1. Endringane i det programmet som Finland har lagt fram i medhald av artikkel 10 nr. 1 i direktiv 91/67/EØF for å gje soner status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og/eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN), er godkjende.
2. Det programmet som Italia har lagt fram i medhald av artikkel 10 nr. 1 i direktiv 91/67/EØF for å gje oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og/eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN), er godkjent.

Artikkel 2

I vedtak 2003/634/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. Vedlegg I vert bytt ut med vedlegg I til dette vedtaket.
2. Vedlegg II vert bytt ut med vedlegg II til dette vedtaket.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 340 av 24.12.2003, s. 69, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 120/2004 av 24. september 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 12 av 10.3.2005, s. 7.

⁽¹⁾ TEF L 46 av 19.2.1991, s. 1. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003 (TEU L 122, 16.5.2003, s. 1).

⁽²⁾ TEU L 220 av 3.9.2003, s. 8.

⁽³⁾ TEF L 106 av 23.4.2002, s. 28. Vedtaket sist endra ved vedtak 2003/839/EF (TEU L 319 av 4.12.2003, s. 21).

Artikkel 3

Dei medlemsstatane som det gjeld, skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dei godkjende programma.

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 15. desember 2003.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG I

«VEDLEGG I

Program som er lagde fram for å gje soner status som godkjend sone med omsyn til fiskesjukdommane VHS og/eller IHN

1. DANMARK

Dei programma som vart lagde fram av Danmark 22. mai 1995, omfattar:

- nedbørfeltet FISKEBÆK Å,
- alle DELAR AV JYLLAND sør og vest for nedbørfelta til Storåen, Karup Å, Gudenåen og Grejs Å,
- alle DANSKE ØYAR.

2. TYSKLAND

Det programmet som vart lagt fram av Tyskland 25. februar 1999, omfattar:

- ei sone i nedbørfeltet til «OBERN NAGOLD».

3. SPANIA

Det programmet som vart lagt fram av Spania 1. august 2002, omfattar:

- DET AUTONOME OMRÅDET LA RIOJA.

4. FRANKRIKE

5. ITALIA

- 5.1. Det programmet som vart lagt fram av Italia for den autonome provinsen Bolzano 6. oktober 2001, endra ved brev av 27. mars 2003, omfattar:

SONA TIL PROVINSEN BOLZANO

- sona omfattar alle nedbørfelt i provinsen Bolzano.

Sona omfattar den øvre delen av ZONA VAL DELL'ADIGE, dvs. nedbørfelta til elva Adige, frå kjelda i provinsen Bolzano fram til grensa mot provinsen Trento.

(NB: Den nedre delen av ZONA VAL DELL'ADIGE er omfatta av det godkjende programmet til den autonome provinsen Trento. Dei øvre og nedre delane av denne sona skal reknast som éi epidemiologisk eining.)

- 5.2. Dei programma som Italia har lagt fram for den autonome provinsen Trento 23. desember 1996 og 14. juli 1997, omfattar:

ZONA VAL DI SOLE E DI NON

- nedbørfeltet frå kjelda til elva Noce fram til demninga S. Giustina,

ZONA VAL DELL'ADIGE — den nedre delen

- nedbørfeltet til elva Adige og kjeldene hennar innanfor territoriet til den autonome provinsen Trento, frå grensa mot provinsen Bolzano fram til demninga Ala (vasskraftverk).

(NB: Den øvre delen av ZONA VAL DELL'ADIGE er omfatta av det godkjende programmet til den autonome provinsen Bolzano. Dei øvre og nedre delane av denne sona skal reknast som éi epidemiologisk eining),

ZONA TORRENTE ARNÒ

- nedbørfeltet til fjellelva Arnò, frå kjelda fram til demninga nedstraums før staden der fjellelva Arnò og elva Sarca møtest,

ZONA VAL BANALE

- nedbørfeltet til elva Ambies, fram til demninga ved eit vasskraftverk,

ZONA VARONE

- nedbørfeltet frå kjelda til elva Magnone fram til fossen,

ZONA ALTO E BASSO CHIESE

- nedbørfeltet til elva Chiese, frå kjelda fram til demninga Condino, bortsett frå bassenga til fjellelvane Adanà og Palvico,

ZONA TORRENTE PALVICO

- nedbørfeltet til fjellelva Palvico, fram til ei demning av betong og stein.

5.3. Det programmet som vart lagt fram av Italia for regionen Veneto 21. februar 2001, omfattar:

ZONA TORRENTE ASTICO

- nedbørfeltet til elva Astico, frå kjelda (i den autonome provinsen Trento og i provinsen Vicenza, regionen Veneto) fram til demninga i nærleiken av Pedescala bru i provinsen Vicenza.

Den nedre delen av elva Astico, mellom demninga i nærleiken av Pedescala bru og demninga Pria Maglio, vert rekna som ei buffersona.

5.4. Det programmet som vart lagt fram av Italia for regionen Umbria 20. februar 2002, omfattar:

ZONA FOSSO DE MONTERIVOSO

nedbørfeltet til elva Monterivoso, frå kjeldene fram til dei uoverstigelege demningane nær Ferentillo.

5.5. Det programmet som vart lagt fram av Italia for regionen Lombardia 1. februar 2002, omfattar:

ZONA VAL BREMBANA

nedbørfeltet til elva Brembo, frå kjeldene fram til den uoverstigelege demninga i kommunen Ponte S. Pietro.

6. FINLAND**6.1. Det programmet som vart lagt fram av Finland 29. mai 1995, omfattar:**

- alle fastlands- og kystområde i FINLAND, bortsett frå:
 - PROVINSEN ÅLAND,
 - det området i PYHTÄÄ som er underlagt restriksjonar,
 - det området i kommunane UUSIKAUPUNKI, PYHÄRANTA og RAUMA som er underlagt restriksjonar.

6.2. Det programmet som Finland la fram 29. mai 1995, endra ved brev av 27. mars 2002, 4. juni 2002, 12. mars 2003, 12. juni 2003 og 20. oktober 2003, og som inneheld særlege utryddingstiltak, omfattar:

- heile PROVINSEN ÅLAND,
- det området i PYHTÄÄ som er underlagt restriksjonar,
- det området i kommunane UUSIKAUPUNKI, PYHÄRANTA og RAUMA som er underlagt restriksjonar.»

—————

*VEDLEGG II**«VEDLEGG II*

Program som er lagde fram for å gje oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende oppdrettsanlegg med omsyn til fiskesjukdommane VHS og/eller IHN

1. ITALIA**1.1. Det programmet som vart lagt fram av Italia for regionen Friuli Venezia Giulia i provinsen Udine 2. mai 2000, omfattar:**

Oppdrettsanlegg i nedbørfeltet til elva Tagliamento:

- Azienda Vidotti Giulio s.n.c., Sutrio

1.2. Det programmet som vart lagt fram av Italia for regionen Veneto 5. april 2002, omfattar:

Oppdrettsanlegg i nedbørfeltet til elva Sile:

- Azienda Trotiltura S. Cristina, Via Chiesa Vecchia 14 — Loc. S. Cristina di Quinto

1.3. Det programmet som vart lagt fram av Italia for regionen Piemonte 5. september 2002, omfattar:

Oppdrettsanlegget:

- Incubatoio Ittico di Valle — Loc Cascina Prella — Traversella (TO)»
-